

Hallo i nedslagsfeltet!

..og god sommar! No har eg akkurat komen heim i frå ein fantastisk opplevingsrik sykkelferie. Familien reiste på nattoget til Bodø, og vidare med hurtigbåt til Svolvær, for å få oppleve Lofoten. Vi har fått oppleve det vakre landskapet i frå Hurtigruta, leigebil og ikkje minst i frå sykkelsetet. Mange mil på sykkelen har det blitt! Vi var heldige med vêret, akkurat passe varmt sykkel-vêr utan nedbør. Eg kan trygt seie at Lofoten har vakker natur å by på. Fjellet Lofotgeita var heilt rått og norges best bevarte fiskevær, Nussfjord, var verkeleg noko for seg sjølv. Sjølvfølgje var småbyar og tettstadar som feks Henningsvær, Leknes, Stamsund og Reine imponerande flotte!



*Nussfjord: Norges best bevarte fiskevær*



*Reine, nesten yst i Lofoten*

Forma har vore så som så etter skade og sjukdom no tideleg i sommar. Hellesyltløpet, som vart arrangert forrige helg hadde eg likevell lyst å vere med på. Resultatet var langt frå bra, men eg tok det som trening og god trening var det. No skal eg bruke sommaren på å komme tilbake i god form :-)

Mi personlige form: 4,0